

Til
Bømlo Kommune
Leirdalsvegen 1
5430 Bremnes

12.10.2024

Merknad til avgrensa høyring av framlegg til reg.plan Busthorn Planid 201410

- frå Jordvern Bømlo -

- Det er større ledige næringsareal på eksisterande næringsområde i Hollundsdalen med sine 115daa , enn det som vert planlagt på Busthorn med 113daa.
Forutan dette er det i Svertland sentrum ca 25 daa ledig areal berre på ungdomskuletomta, i tillegg til ledige butikk og kontorareal.
Kvifor regulere meir og urørt areal på Busthorn? Er dette god arealforvaltning som oppfyller Naturavtalen og FN's berekraftsmål?
- Det er eit sentralt mål at kommunane skal utarbeide arealrekneskap for å bli arealnøytrale, då må areal gjennbrukast framfor å bygge ned nye områder.
- Sentrumsutvikling er ikkje direkte ei jordvernsak, men når me les planen synest me den inneheld mange sjølvmotseiingar om handelslekkasje og utvikling av Sortland sentrum.
- Me finn ingen beskriving i planen for korleis overflatevatn skal handterast.
- Mange små vatn og våtmarksområder vert råka. Planen strir mot nasjonale mål om å ikkje bygge ned myr og våtmarksområdet. Desse områda er naturlege fordrøyningsområder og særskilt viktige i ei tid der det kan koma meir konsentrert nedbør i store mengder.
- Vatn og våtmark er leveområder for mange artar og svært viktig for det biologiske mangfaldet.
- Me fryktar at den siste gytebekken på Hollund på kan bli skada.
- Ved fylling i vatn og myrar fryktar me at landbruksareal kan bli sterkt råka og skada av auka tilsig ved realisering av denne planen.
- Næringsområdet ligg i nedslagsfeltet til Selevatnet. Kan vatn frå næringsområdet gjere ein risiko for Selevatnet?
- Planen aukar sterkt presset på aktive landbrukseigedomar i området.
- Korleis handterer nye kontor/nærings og butikkbygg på Busthorn spredning av blautgjødsel ca. 10 m frå nærings/parkeringsareala?
- I landbruksplanen for Bømlo Kommune er Busthorn ein del av eit svært aktivt landbruksområde, kalla **kjerneområde for landbruk** med ein produksjon av storfekjøt, lammekjøt, slaktegris og honning. Det vert fødd om lag 1000 lam årleg i dette området. Me vonar Bømlo Kommune framleis ynskjer å prioritere landbruksnæringane.

Med helsing

Styret i Jordvern Bømlo